



■ møtereferat – samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet for tannhelsetenesta

38716/2011

Tema:	Stad og tid:
Møtereferat SAMU-T 14.4.2011	Fylkeshuset, møterom 100

Til stades: Medlemmer		Varamedlemmer	
Anthony N. Valen	X	Morten Larsen	
Gunnar Eikrem	X	Bjørn Eggen	
Anna Karin Lunden	X	Tone Nord	
Laila Aas Dyrøy	X	Grete Gussiås	
Marianne S. Rudi	X		
Unni Tømmernes		Hege Myklebust Vartdal	X

Andre:
Venke Dale, Hjelp24
Tove Istad, NAV Arbeidslivssenter

Referent:	Neste møte:
Morten Larsen, 71 25 87 74	30.6.2011

Det var ingen merknader til møteinnkallinga.

Saksliste

Ref. 1/2010	Økonomiplan 2011-2014 Anthony orienterte om prioriterte tiltak i økonomiplana for tannhelsetenesta: <ul style="list-style-type: none">• Mange tannklinikkar har flytta inn i nye eller oppussa, moderne lokale dei seinare åra, noko som har medført vesentleg auka husleigeutgifter. For å ta høgde for dette er ramma auka med 2,0 mill. kr frå 2011.• Frå 2011 er ramma høgda med 0,360 mill. kr i samband med at 60 % engasjementstilling for folkehelsekoordinator blir gjort om til fast stilling. Stillinga skal vere drivkrafta i satsinga på det helsefremmande og førebyggjande arbeidet.• Ramma er auka med 0,120 mill. kr i samband med at Nasjonal helsenett - som fylkeskommunen er pålagt av staten - vil vere på plass i 2011. Dessutan er det for året 2011 teke med kr 75.000 i samband med implementeringsfasen.• Ramma er ytterlegare høgda med 0,5 mill. kr i kvart av åra 2011 og 2012 i samband med at papirjournalar frå alle tannklinikkar blir samla inn og digitalisert og deretter fjernarkivert i sentralt arkiv.
Ref. 2/2011	Ledige stillingar – status Morten orienterte om status i høve rekruttering av tannlegar. Der er i alt 13 ledige faste stillingar og vikariat. Søkninga til ledige stillingar har vore relativt god, og etter vedtak i tilsettingsutvalet 13.4 går det ut tilbod til 9 tannlegar.

Ref. 3/2011	<p>Tannhelsesekretærutdanninga ved Borgund VGS – status og vegen vidare</p> <p>Framtida for Vg3-tilbudet ved Borgund er usikkert, og tilbudet blir ikkje igangsett kommande skoleår som følgje av liten interesse blant elevane. Det blir viktig med eit tettare samarbeid mellom fylkestannlegen og skolen om ein strategisk tilnærming med mål å øke interessa og rekrutteringsgrunnlaget for utdanningstilbodet. Premissane for utdanningstilbodet blir lagt gjennom skolebruksplanen for skoleåret 2012-13.</p> <p>Medlemmene i SAMU-T uttrykte bekymring for at dette er et tilbud som i verste fall kan opphøyre. Som eit første tiltak får Anna Karin i oppdrag å utarbeide eit notat for å klargjere vidare strategi. Nedsetting av ei arbeidsgruppe med representasjon frå tannhelsetenesta og skolen vart skissert som eit strakstiltak.</p>
1/2011	<p>Val av leiar og nestleiar i SAMUT for 2011</p> <p>Funksjonstida for medlemmene i SAMUT er to år. Hovudverneombodet (sektorverneombodet) skal vere ein av dei faste arbeidstakarrepresentantane i utvalet. Leiar for SAMUT blir valt vekselvis frå arbeidsgivarsida og arbeidstakarsida for eitt år om gongen. I 2010 hadde arbeidstakarsida leiarfunksjonen i utvalet.</p> <p>Samrøystes vedtak: Som leiar for SAMUT i 2011 blir valt Anthony N. Valen. Anna K. Lunden blir for same tidsrom valt til nesleiar for utvalet.</p>
2/2011	<p>Årsmelding 2010 for den offentlege tannhelsetenesta (Utkast til årsmelding vart utdelt i møtet).</p> <p>Anthony orienterte. I høve til målsettingane i tannhelseplanen, har vi nådd måla for dekningsgrad for nesten alle dei prioriterte gruppene. Tannhelseutviklinga for gruppe A har vore god også i 2010. Rekneskapan viser eit samla mindre forbruk på omlag 1 mill kr mot eit samla meirforbruk på kr 6,4 mill. kr i 2009. Samla vakansar i tannlegestillingar for heile 2010 var 9,0 årsverk mot 8,9 årsverk året før. Stabilisering av bemanninga må ha høg prioritet for at vi skal kunne oppretthalde dekningsgraden, inntektene og bruke mindre tid på administrasjon i samband med rekruttering og utskiftingar i stillingane.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar årsmelding for den offentlege tannhelsetenesta 2010 til vitande.</p>
3/2011	<p>HMS-årsrapportering 2010</p> <p>Morten Larsen orienterte om hovudtrekka i arbeidsmiljøsituasjonen i tannhelsetenesta med utgangspunkt i HMS-årsrapportane frå overtannlegane. HMS-årsrapporten skal bidra m.a. til å kartlegge kva for standard driftseiningane har i høve til HMS-krav som er fastsett i lover, forskrifter og fylket sine egne retningslinjer og analysere avvik frå standard som grunnlag for å prioritere tiltak. Årsrapporten dekker samtidig AMLs krav til årsrapport for arbeidsmiljøutvalet.</p> <p>Avvik knytt til dei 8 arbeidsmiljøfaktorane i HMS-systemet, som ikkje var lukka per 31.12, vart gjennomgått distriktvis. Dårleg inneklime på nokre klinikkar og mangelfull universell utforming er dei største utfordringane. Rapporterte personskader viser ein nedgang.</p> <p>Det vart etterlyst betre integrering mellom HMS-årsrapportering og miljøfyrtårnsrapportering.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar HMS-årsrapport 2010 for tannhelsesektoren til vitande.</p>

4/2011	<p>Sjukefråversutvikling 2010 Morten orienterte. Sjukefråversdata relatert til parametra aldersintervall, fråversintervall, stillingsgrupper, kjønn og distrikt vart gjennomgått. Samla er det ein liten nedgang i fråveret frå 8,8 % i 2009 til 8,4 % i 2010.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar orienteringa om sjukefråversutviklinga 2010 til vitande.</p>
5/2011	<p>Implementering av bedriftshelseteneste og arbeidsmiljøkartlegging Venke Dale frå Hjelp 24 orienterte. Med bakgrunn i dei nye forskriftskrava om bedriftshelseteneste og i lys av fylkeskommunens nye arbeidsgivarpolitikk, er det sett av midlar til BHT til alle tilsette i fylkeskommunen og inngått avtale med Hjelp24 om levering av BHT-tenester. Hjelp24 skal bistå i det systematiske og målretta HMS-arbeidet på eit høgt og relevant fagleg nivå innan fleire kompetanseområde, m.a. psykososialt og organisatorisk arbeidsmiljø, arbeidshelse og ergonomiske utfordringar.</p> <p>I løpet av året skal det gjennomførast ei totalkartlegging av arbeidsmiljøet i alle fylkeskommunale driftseiningar. Denne kartlegginga vil identifisere kva aktivitetar og tiltak som skal inngå i handlingsplaner for arbeidsmiljøet i den enkelte driftseining. Kartlegginga dannar dermed grunnlaget for kjøp av bedriftshelsetenester.</p> <p>Denne SAMU-T-saka er eit ledd i gjennomføringa av informasjons- og oppstartsmøte med Hjelp24, som blir gjennomført i alle sektorar i fylkeskommunen. Føremålet er m.a. å avklare kva for faste arenaer og aktivitetar BHT skal delta i og korleis identifiserte arbeidsmiljøutfordringar skal følgjast opp.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tek orienteringa om BHT og arbeidsmiljøkartlegging til vitande og vedtar framdriftsplan for kartleggingsaktivitetane i tråd med pkt. 4 i saksframlegget.</p>
6/2011	<p>Ny IA-avtale – oppfølging i tannhelsesektoren Tove Istad frå NAV Arbeidslivssenter orienterte. Fylkeskommunen og NAV har signert ein rammeavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv for fylkeskommunen. Denne avtalen er ein overordna avtale på fylkesnivå, som klargjer policy, overordna mål og føringar for IA-arbeidet. Med bakgrunn i denne rammeavtalen skal det teiknast eigen lokal IA-samarbeidsavtale for tannhelsetenesta. Dette vil skje i samband med SAMU-T sitt møte i juni. Avtalen vil gjelde felles for alle tannhelse-distrikta og vil legge klare pliktar på arbeidsgivar og arbeidstakar i dette arbeidet. Innan 12 veker etter signert lokal samarbeidsavtale skal det utarbeidast lokale IA-mål og tiltak for tannhelsetenesta. Tove Istad gjekk gjennom kva rettar/plikter IA-verksemder har og kva oppfølging Arbeidslivssenteret kan gi.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tek orienteringa om ny IA-avtale til vitande og vedtar framdriftsplan for kartleggingsaktivitetane i tråd med pkt. 4 i saksframlegget.</p>
7/2011	<p>Fordeling av opplæringsmidlar (Saksdokument var utdelt i møtet.) I budsjettet for tannhelsetenesta for 2011 er det sett av kr 1.100.000 til opplæring/etterutdanning. I tråd med tidligare praksis blir fordelinga av opplæringsmidlane lagt fram for SAMUT til drøfting.</p> <p>Samrøystes vedtak: Opplæringsmidlane blir fordelt i samsvar med saksframlegget.</p>